

## BLAD

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1262  
5943 Austrheim

# SOMMERFEST

## Den årlege sommarfesten på Kyrkjelydshuset vert i år torsdag 14. juni kl. 17.00.

Med oss i år vert tidlegare prest i Austrheim, Jan Ulveseth  
Musikk og song vert som vanleg med Kurt Hatten.

(støtta frå "Den kulturelle spaserstokk")

Menyen vert rømmegraut med tilbehør, kaffi og "noko attåt".

Pris pr. person kr. 100,- (betalast på festen)

Treng du hjelp på festen, må du melde på følgje ditt også.

Hjarteleg velkommen

Påmelding innan torsdag 7. juni til Britt Rebnord tlf. 99 29 39 02  
eller Bodil Monslaup tlf. 41 45 72 15

Arr.: Diakoninemnda i Austrheim kyrkjelyd

MAI NUMMERET NR. 5 - 2018 - 47 ÅRGANG - NYTT STOFF INNAN 14. AUGUST 2018



**KYRKJEBAKKEN**  
*Informasjonsblad for Austrheim sokn*



## KYRKJESKYSS

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret  
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)  
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35  
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90

E-post: post.austrheim@kyrkja.no  
www.austrheimkyrkja.no

### Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale  
Kyrkjevevje:

### Bustadtelefonar:

Sokneprest Per Børge Hillestad 93 44 29 19  
Kyrkjevevje Leif Arne Økland 40 06 52 31  
Organist og kyrkjelydspedagog  
Jostein Hauge 40 46 62 11  
Kyrkjetenar Gry Haukeland 41 30 85 58  
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

## KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn

### Redaksjonen

Utgjevar: Austrheim sokneråd  
Redaktør: Svein T Villanger,  
Redaksjon: Jorunn Kårdal.  
Bankgiro: 3490.07.04196  
E-post: post.austrheim@kyrkja.no  
Adresse: 5943 Austrheim

Trykk og Design Trykk-Service as

# Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

**Fredag 8.juni kl 18.00**

Gudsteneste for alle, v/Per Børge Hillestad

**Søndag 10.juni kl 11.00**

Gudsteneste, v Per Børge Hillestad.

**Søndag 1.juli kl 11.00**

Felles gudsteneste, Mastrevik Torg  
(i samband med Ein smak av Austrheim)  
v/Per Børge Hillestad m.fl.

**Søndag 12.august kl 16.00**

Utegudsteneste i samband med Fonnisdagen,  
v/Per Børge Hillestad

**Søndag 26.august kl 11.00**

– Gudsteneste med konfirmantpresentasjon,  
v/Per Børge Hillestad.



# Sommar, sol og Gud

Etter ein lang og mørk vinter er det fantastisk å kjenne sola varme og sjå at det veks og spirer rundt oss. Det er like fascinerande kvar gong når eg ser at nytt liv spirer opp frå jorda, ser knoppar sprette ut på nakne tre og buskar, høyre fuglane kvitre og byggje reir for å gjere klart til nytt liv. Nokre gonger når vinteren er på det mørkaste og kaldaste, er det ikkje så lett å sjå at det kan vekse noko opp av den kalde jorda. Det er flott å ha årstider, slik at me merkar endringane i naturen og at me oppdagar kva for eit under det er kvart år når det spirer fram nytt liv frå den brune marka, og graset vert grønt og fint. Jesus sa og noko om dette i Bergpreika.

Ver ikkje urolege for morgondagen Difor seier eg dykk: Ver ikkje urolege for livet, kva de skal eta, og kva de skal drikka, eller for kroppen, kva de skal kle dykk med. Er ikkje livet meir enn maten og kroppen meir enn kleda? Sjå på fuglane under himmelen! Ikkje sår dei, ikkje haustar dei, og ikkje samlar dei i hus, men Far dykkar i himmelen før dei likevel. Er ikkje de mykje meir enn dei? Kven av dykk kan med all si uro leggja ei einaste alen til livslengda si? Og kvifor er de urolege for kleda? Sjå liljene på marka, korleis dei veks! Dei strevar ikkje og spinn ikkje, men eg seier dykk: Ikkje eingong Salomo i all sin herlegdom var kledd som ei av dei. Når Gud kler graset så fint, det som veks på marka i dag og blir kasta i omen i morgon, kor mykje meir skal han ikkje då kle dykk – de lite truande! Difor må de ikkje vera urolege og seia: 'Kva skal vi eta?' eller: 'Kva skal vi drikka?' eller: 'Kva skal vi kle oss med?'

For alt dette er heidningane opptekne av. Men Far dykkar i himmelen veit at de treng alt dette. Søk først Guds rike og hans rettferd, så skal de få alt det andre i tillegg. Ver difor ikkje urolege for morgondagen; morgondagen skal uroa seg for sitt. Kvar dag har nok med si møde.

**-Matteus 6, 25 – 33**

Når me ser korleis Gud kvart år skaper nytt liv, kler naturen i flotte fargar og gjev naturen og dyra det dei treng, kan det hjelpe oss til å tenkje at Gud gjev og kvar einaste av oss det me treng; mat, klede, kraft og styrke til å leve dag for dag. Ingenting er som dei første dagane ein kan kjenne at sola varmar og me kjenner heilt konkret at det er noko der ute som er større og sterkare enn oss menneske og som gjev oss varme og kraft til å leve livet vidare. Det hjelper oss til å sjå livet i eit anna perspektiv, etter tunge månader går livet vidare, og det kjem lysare tider. I løpet av livet vårt er me gjennom årstidene fleire gonger. Då er det godt å vite at uansett kor kald og tung hausten og vinteren har vore, kjem det ein ny vår og sommar. Med våren og sommaren kjem alltid sola som me kan kjenne varmar oss og gjev ny styrke. Nå går det mot sommar og ferie, og me kjem forhåpentlegvis til å kjenne sola varme oss mange dager. Kjenn på denne varmen frå sola, og tenk at det er Gud som fyller deg med nye krefter og varme som du kan leve på når det vert haust og vinter og når det vert tunge tider i livet ditt.

**Per Børge Hillestad**





# Kyrkjebøkene i Austrheim

## Døypte

**28.april:**  
Jonas Marøy Austrheim  
Anna Vikene Gjelsvik  
Emily Fresvik Birknes  
Joakim Romarheim

## Vigde

**26. mai:**  
Merethe Austrheim og Jostein Rebnord.

## Gravlagde

24.april	Kirsten Bauge	f. 1924
24.april	Laura Margrethe Sætre	f. 1919
03.mai	Gerd Judith Krossøy	f. 1934
22.mai	Asbjørn Leif Daae	f. 1929



## Tusen takk

for alle hilsener, blomster og gaver i forbindelse med min 80 års.

*Med vennlig hilsen Reidun Hopland*

## Takk!

Hjarteleg takk for gåva på 10400kr til Årås Bedehus som me fekk i samband med Kristine Soldal si gravferd.

*Helsing styret i Austrheim Indremisjon.  
Helsing Grethe Andvik*

## Hjarteleg takk

for minnegåva som vart gitt til Nordliheimen i samband med gravferda til Margot Leikvoll og Kåre Gullaksen

*Hjarteleg helsing personalet og bebuarane v/Nordliheimen.*

## Takkar alle

som møtte opp i gravferda til Turid Sætre. Takk til alle som gav blomar og for gåve til Kreftforeininga.

*Helsing Erling Sætre med familie*

TAKK

## Utgjevingsplan Kyrkjebakken 2018

	Leveringsfrist	KB kjem ut
Nr 6:	14. august	30. august
Nr 7:	11. september	27. september
Nr 8:	9. oktober	25. oktober
Nr 9: (julenr)	13. november	29. november



### TUR TIL HAAHEIM GAARD

Torsdag 7.juni er du velkommen til å vera med på dagstur til Haaheim Gaard på Tysnes

saman med Austrheim Pensjonistlag

## 50 års konfirmantene

Årets store dag for 50 årskonfirmantene blir i år 07. oktober 2018

Sett av dagen.



# NFU Austrheim lokallag 40-årsjubileum

Fredag 27.4. feira NFU Austrheim lokallag 40-årsjubileum i Kilstraumen med mange inviterte gjestar. Leiar Elsa Skare ønskte velkommen og presenterte nokre av gjestane. Tidlegare forbundsleiar i NFU, Sølvi Knudsen, gav eit attersyn på kva som hadde hendt i forbundet i åra som har gått, og det var ikkje lite. Kilstraumen serverte herleg gryterett, iskaker og kaffi. Ordførar Per Lerøy helsa frå kommunen med ein gâvesjekk. Det same gjorde leiar i Lindås og Masfjorden lokallag av NFU, Jan Arild Lindaas. Austrheim sitt lokallag var representert av Tone Rugset og Kjersti Hansen. Ein vakker rhododendron vart overrekt til Elsa. Anette Hopland og Kristin Rugset kom med koselege helsingar frå seg. Elsa Skare og Britt Rebnord synta power-pointar med bilete

frå gammal tid og fram til i dag. Representantar frå Austrheim kyrkje var sokneprest Per Børge Hillestad som helsa og overrekte blome frå soknerådet. Organist Jostein Hauge hadde dei musikalske innslaga i løpet av kvelden, og avslutta med ein vakker solosong, "Har du fyr". Rune Skare takka til slutt for ein flott kveld, og ville me skulle tenkja på familien til Egon Askvik no då han var borte. Egon var med og stifta "Gudsteneste for alle" og sette mange spor etter seg i Austrheim, sa han. Men Rune ville gjerne at me må sjå framover, for no er det tid for å laga nye spor saman med Per Børge. Kloke ord til slutt på ein alle tiders kveld.

**Britt Rebnord**



# GEVINSTER.....BASAR

15.9 blir det igjen basar til driften av Samfunnshuset. Denne gangen er pengene øremerket teleslyng. Ingen basar uten gevinster, og vi tar oss den frihet å spørre om noen vil støtte med

gevinster. Vi selger lodd på bok og har i tillegg åresalg på basaren.

Ta kontakt med Asbjørg Lohne:  
tlf 56 16 93 82/ 918 07 436.



## TURAR TIL ROMA OG ISRAEL

Velkommen som turdeltakar til Roma og Assisi 25.10-1.11.18 til Israel med fridagar i Eilat 6.-16.3 2019 Program for Israelstur også på [www.plussreiser.no](http://www.plussreiser.no)

Turane er opne for alle som vil vera med. Kontakt Harald Sundsbø tlf. 95976864 eller [h-sund@online.no](mailto:h-sund@online.no)



## sommarleir på Rongevær

Austrheimkyrkja og NMS-Ung

Bli med på dognleir laurdag 16. til søndag 17.juni

Aldersgrense: 7 - 10 år  
(født 2008 - 2011)

Meir informasjon og påmelding:  
[www.austrheimkyrkja.no](http://www.austrheimkyrkja.no)

# Austrheim kyrkja - ein livslang fylgjesven

Med kyrkja som næraste nabo sidan eg kom til Austrheim som 8 åring representerer den noko av sjølvne livsveven for meg. Eg kjenner enno den gode kjensla av høgtid som breidde seg i kroppen då kyrkjeklokkene kvar lørdag før dei store høgtidene ringte ein time frå 17.00 – 18.00 (slik dei enno gjer). Det var jo og manuell ringing på den tida, så eg kan tenkja meg at ringaren, han Harald i Råkhaugen, blei litt lang i armane når det nærma seg slutten..

Men eg har og gode minner frå gudstenester i oppveksten, sjølv om det nok vart litt mykje vaksenprat for ein gutunge. Men eg hugsar at eg kvar gang las på innskripsjonen over kordøra: "I det høie og hellige bor jeg, og hos den som er sønderknust og nedbøiet i Ånden". Eg var nok vaksen før eg forsto meininga, men den festa seg likevel i oppveksten, og har vore med å forma eit Gudsbilete som rommar både heilagdom og omsorg, ein kombinasjon eg er takksam for å ha fått med frå Austrheim kyrkja. Og klok-karbøna som han Kaspar las kvar gudsteneste har og bora seg fast i minnet: "Herre, eg er komen inn i dette heilage huset ditt....."

Muntre tunger har nok sagt til meg at det måtte jo bli prest av deg, oppvaksen på Strindane, rett over vegen frå kyrkja. Men det var nok opplevingar i ungdomen som var mest avgjerande for den kursen. Ungdomsklubben som Ottar i Vikane starta,

først i gymsalen på Kansardalen skule, og deretter i Meieriet nede på Austrheimkaien var sentral. Og då det flytta inn ein barnerik prestefamilie i nabohuset som i tillegg desidert var over middels musikalske så byrja ei veldig spanande tid. Her spela kyrkja ei viktig rolle. Helgaljod blei starta i den tida, og vi fekk ha kyrkja som øvingslokale. Slik blei den ein del av det faste livet også på kvardagar. Og så blei vi ofte spurdt om å ta del med song under gudstenester av presten Per Einar Sønnesyn.

Vi var ikkje så mange i starten, men byrja tidleg med firstemt song. Jonas Hjertås var ein viktig person for musikklivet i kommunen på den tida, og då han kom bort og skrytte av oss etter at vi hadde framført ein negro spiritual firstemt a capella i kyrkja, så følte eg at eg vaks fleire centimeter....

Men den songen som har festa seg aller mest hjå meg er nok songen

"Han gjev oss sin fred" frå musicalen Befriad av Sandwall/Mörlid.

Den dagen eg blei ordinert til prest i Austrheim kyrkja, 9. Januar 1983, vil alltid stå for meg som ein milepæl i livet. Det var ei kjensle av noko som då blei heilt, ei veldig takksemnd til ei kyrkje og eit samfunn som hadde gjeve meg kurs for livet.

"Han gjev oss ein fred som ei verda kan gje me skal ikkje lengre vera redde, for Jesu lovnad står ved lag, han gjev oss sin fred."

Rune Minde



# Ansvar for gravminner

Med jamne og ujamne mellomrom vert gravferdsforvaltninga kontakta av festarar og andre, med ønske om at vi skal ta ansvar for å retta opp gravminner med forventning om at dette er vårt ansvar. Dette kan vera gravminner som har hatt



eit visst nedsig eller har blitt skeive eller står i fare for å velta. Her er det viktig å streka under at det er festaren som har ansvaret for gravminnet. Dette gjeld også

gjenoppsetting og heving av gravstein. Om festaren ikkje kan eller ønskjer å ta på seg denne oppgåva sjølv, kan han setja det bort til eit firma, eller til gravferdsforvaltninga som kan gjera dette arbeidet mot betaling. Det synest å vera ei misoppfatning at det er gravferdsforvaltninga som set med dette ansvaret. Festaren sitt ansvar for dette er regulert i § 26 i den nasjonale gravferdsforskrifta og i § 7 i dei lokale gravferdsvedtektene.

Her står det blant anna følgjande: «Eieren (festaren) er ansvarlig for at gravminne ikke er i forfall, til sjenanse eller til fare for dem som ferdes på gravplassen....» (§ 26). «Gravfestar eller ansvarshavande for frigrav har rett og plikt til å stella den grava han har ansvar for.....» (§7). Dei fleste har vel fått med seg at vi har gåande eit grøfteprosjekt på kyrkjegarden på Austrheim, for å forebyggja problem vi tidvis har med overflatevatn. Siste fase av dette prosjektet vil vera drenering av felt 8, som består av doble graver. Dette er eit felt med allereie etablerte gravminner. I det tilfelle som dette er det gravferdsforvaltninga sjølv som tek på seg ansvaret for gjenoppsetting av gravminner, utan kostnad for festarane. Elles er det den enkelte festar som set med dette ansvaret.

## BASSENGET PÅ KALAND:

### OPNINGSTIDER:

Måndag kl. 17-18 Familie/born  
kl. 18-19 (foreldre med små  
born vert prioritert)  
kl.19-20 Pensjonistar  
k. 20-21 Vaksne

Fredag kl. 17-21 for alle

Bassenge følg skuleruta  
og er stengt i skuleferiar.

Billettprisar: Vaksne kr. 40,-  
Born under 16 år kr 20,-



## ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

1/1 side + bakside	kr.1.000,-
3/4 – 2/3 side	kr. 750,-
1/2 side	kr. 500,-
1/3 side	kr. 350,-
1/4 side	kr. 250,-
Små annonser	kr. 150,-
Korte takkeannonser er gratis.	



## Opning av tur/aktivitetsløype Årvika - Vardetangen

23. juni kl: 13.00 Vardetangen - opning ved Per Lerøy



Ta med grillmat,  
varme grillar i Årvika

Austrheim ungdomsklubb  
kjem med havsportutstyr.



Bygdelaget i samarbeid med AIL arrangerer:

- Mosjonsløp
- Konkurranseløp (4,8 km)
- Barneløp

Premiar vert trekte på startnummer i alle løp og i tillegg vert beste gut og jente premierte i konkurranseløpet.



Arrangør: Fønnes Bygdelag



# Mastrevik torg

Vi er sannsynligvis en av universets største uavhengige bilverkstedkjeder...



Rune Austrheim  
Fosnøy Bilsenter AS  
Telefon: 56 16 75 50



...Så vidt vi vet. All kunnskap og erfaring er samlet i vårt verksted. [www.fosbilsenter.no](http://www.fosbilsenter.no)

For everything your car needs.

## DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



## MINI FRISØRSALONG

Ønsker velkommen  
til gamle og nye kunder.  
Vi treffes på Årshøgda 19.



Timebestilling: mandag - fredag  
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko

Tannlege  
Otto Førde  
i Mongstadkrysset



Jeg tar imot nye pasienter  
og yter akutt hjelp.

Telefon vakt 56 16 98 35



## Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
[byggboe@online.no](mailto:byggboe@online.no)

## Vatne Begravelsesbyrå



Vi kan hjelpe til  
med rådgivning og  
tilrettelegging ved  
begravelser og  
bisettelser.

Ring døgnvakt:  
56 35 09 10  
[www.vatne-byra.no](http://www.vatne-byra.no)  
Kvassnesvegen 11  
5914 Isdalsbø

## Gravminner

Norsk design og produksjon.  
Se utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

## SOMMAROPE BIBLIOTEK

**FERIETID ER LESETID.  
KOM OG LÅN BØKER PÅ BIBLIOTEKET!**

Hovudbiblioteket har sommarope frå 18. juni til 13. august:


måndag kl. 14.00 – 19.00  
tysdag kl. 10.00 – 15.00  
fredag kl. 10.00 – 15.00

Til vanleg har vi også ope ettermiddag på onsdagar. Tlf.nr 56 16 20 07  
E-post: bibliotek@austrheim.kommune.no

Fonnes filial er stengt i skuleferien 21. juni til 23. august

Til vanleg er filialen ope torsdagar til kl 16:30 Tlf.nr. 56 16 21 61

E-post: fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no



### SOMMARLES

Sommarles er ein digital lesekampanje for 1.-7. klasse frå 1. juni til 31. august.

På sommarles.no kan du registrere bøkene du les, samle poeng, få kule premiar og lesetips.

Du kan også lese den eksklusive sommarlesforteljinga, løyse oppgåver og følgje med på kva vennene dine les. Ta kontakt med biblioteket og bli med på Sommarles.

### SOMMARBIBLIOTEK I ÅRVIKA OG ØKSNESET

11. juni – 11. september

Her kan du lese og låne bøker i heile sommar.

## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgeret.

**Legevakt 116117**

### Austrheim legekantor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

**Kl. 08.30 - 15.00.**

**Telefontid: 08.30 - 12.00 og  
13.00 - 15.00.**

### INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

### Årås helsestasjon

Åpningstider for publikum:

**kl 08.30- 15.00**

**Helsesøster** tlf. 56 16 82 11

**Jordmor:**

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

**Psykisk helse:** tlf. 56 16 82 13

## NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

**Nordliheimen :** 56 16 20 40

**Nordliheimen/kjøkken:**  
56 16 20 49

**Vestlia:** 56 16 20 55

**Heimesjukepleien:** 56 16 21 23  
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)

## Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking,  
rensing  
og oppatmalning.

Gunnar Nilsen  
414 39 887

2  
KONFIRMANT  
1  
9



Meld deg på til konfirmant 2019  
innan 15. august på  
[www.austrheimkyrkja.no](http://www.austrheimkyrkja.no)



AUSTRHEIM OG FEDJE KONFIRMANTANE 2018



Vi leverer mat til alle anledninger,  
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

**Knüter**  
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)

# Min salme

Når eg fekk spørsmål frå KB redaksjonen om eg kunne tenkja meg å skriva om Min Salme vart eg noko undren, og det kom mange spørsmål føre meg, for... Kva er ein salme? Tekstar/ord som fortel oss noko....

Om noko.. ?

Orda har me høyrte, og sunge mange gonger.

Tenkjer me over kva dei fortel oss? Stundom er det vanskeleg å forstå meininga, gjer me noko for å forstå ? Er MI forståing den rette?

Hvis «naboene» meiner noko anna, har nokon av oss meir rett enn den andre? Kva skal/ bør me tru på?

Alle har me like stor verdi som menneske, og barnetrua me fekk med oss heimeifrå der foreldre, besteforeldre, søsken o.a. heldt handa vår og las og sang for oss er god verdi å ha med seg.

Me kan og skal ikkje setja oss til domarar, noko som Stein Ingebrigtsen syng om i : Soldatens Kortstokk.



Herleg iskrem i Jerusalem feb. 2018

tok dem fram, men en soldat, en ung mening tok i stedet fram en kortstokk som han la ut foran seg.

Daghavende offiser så kortene og sa: "Soldat, få vekk det der" Og etter at gudstjenesten var over, ble soldaten arrestert og brakt inn for leirkommandanten.

## SOLDATENS KORTSTOKK

Under en stor Nato øvelse i Nord-Norge var en tropp soldater ute på en lang patrulje Sent lørdag kveld kom de slitne tilbake til leiren.

Neste dag var det søndag Daghavende offiser, en sersjant, samlet de av soldatene som ville gå i kirken. Etter at presten hadde lest velsignelsen holdt han sin preken. De soldatene som hadde bønnebøker

Kommandanten spurte: "Nå, sersjant, hvorfor har du brakt denne soldaten hit?" "Fordi han har spilt kort i kirken, kaptein"

"Hva har du å si til ditt forsvar, gutt?" "En hel del, kaptein" svarte soldaten. "Ja, det håper jeg, hvis ikke skal jeg straffe deg hardere enn noen annen noen gang er blitt straffet"!

Soldaten sa: "Kaptein, jeg har vært på marsj i 6 dager og har verken bibel eller bønnebok, men jeg håper du etter hvert vil forstå sannheten i min handling" Og med det begynte gutten sin forklaring: "Når jeg ser esset, kaptein, så vet jeg det finnes bare en Gud -en toer forteller meg at bibelen er delt i to deler - det gamle og det nye testamentet.

Når jeg ser en treer, tenker jeg på Faderen, Sønnen og den hellige Ånd; mens en firer minner meg om de 4 evangelistene, de var, Matteus, Markus, Lukas og Johannes.

Og når jeg ser nummer fem, tenker jeg på de fem bueganger rundt Batisda, der den lamme mannen ble helbredet.

Og jeg tenker på de fem byggbrød og to fisker Jesus brukte for å mette fem tusen ved Tiberiasjøen.

En sekser forteller meg at på 6 dager skapte Gud himmel og jord. Og en syver forteller at på den syvende dag hvilte Gud fra sin store gjerning.

Når jeg ser en åtter, tenker jeg på det antall personer Gud reddet da han lot vannet flomme over jorden, Det var Noa, hans kone og deres sønner og koner.

En nier minner meg om de spedalske som Jesus rensset. Ni av de ti glemte til og med og takke ham. Tieren står for de ti bud som Herren ga Moses på to steintavler i ørkenen.

Kongen forteller meg at det finnes kun en konge i himmelen, Gud, den allmektige.

Når jeg ser Dronningen, ser jeg den hellige Jomfru Maria, Himmelenes dronning og i knekten ser jeg Satan.

Når jeg sumerer verdiene på alle mine kort, kommer jeg til trehundreogsekstifem, antall dager i et år. Det er femtito kort, som uker i et år.

Det er fire farger, antall uker i en måned. Det er tolv bildekort, slik det er måneder i et år. Jeg kan tretten triks, antall uker i et kvartal.

Så jeg håper du forstår, kaptein. Min kortstokk er for meg min Bibel, Min Almanakk og min Bønnebok. Det ble ingen straff og saken ble henlagt. Og folkens: historien er sann, jeg vet det, jeg var den soldaten.

Kanskje kan noko så enkelt som ein kortstokk setja tankane, og trua i sving? Me lever våre liv på ulikt vis.. Og igjen så er meininga vanskeleg å forstå for nokon og einkvar, men heldigvis er det det lovå tekje sjølv, og prøva å leva livet til det beste for seg sjølv og dei ein har rundt seg, for som Lasse Stefanz syng i : Sju av himlens ænglar: Lev for livet, det er gåvan Herren gjett.

**Varm helsing og klem fra Anny Sognnes**